



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 124 S

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Utbygging og finansiering av prosjektet E6 Vindåsliene – Korporalsbrua i Sør-Trøndelag

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 28. april 2017,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om utbygging og finansiering av ny E6 på strekninga Vindåsliene – Korporalsbrua i Midtre Gauldal kommune i Sør-Trøndelag.

E6 Oppland grense – Trondheim er ein viktig del av det nasjonale vegnettet og den viktigaste hovudvegen for Midt-Norge. På E6 mellom Ulsberg og Melhus er det i dag fleire flaskehalsar. Ein av desse er strekninga Vindåsliene – Korporalsbrua der dagens veg er smal og svingete og med låg standard.

Prosjektet E6 Vindåsliene – Korporalsbrua er mellom anna omtalt i Meld. St. 26 (2012–2013) *Nasjonal transportplan 2014–2023*, Prop. 1 S (2014–2015), side 112, og Prop. 1 S (2015–2016), side 117 og Meld. St. 33 (2016–2017) *Nasjonal transportplan 2018–2029*, side 303.

I Prop. 1 S (2014–2015) var det lagt opp til anleggsstart på prosjektet i 2015. I samband med Stortingets handsaming blei Samferdselsdepartementet bedt om å vurdere tunnel mellom Sokna og Korporalsbrua, dvs. den nordlegaste delen av strekninga. Anleggsstart på prosjektet måtte derfor utsetjast.

Som omtalt i Prop. 1 S (2015–2016), er E6 på strekninga Ulsberg – Melhus ein del av startporteføljen til Nye Veier AS. Sidan det var føresettt anleggsstart for prosjektet E6 Vindåsliene –

Korporalsbrua før Nye Veier AS formelt blei etablert, blei det bestemt at prosjektet likevel ikkje skulle takast inn i porteføljen til Nye Veier AS. Prosjektet skal derfor byggjast ut i regi av Statens vegvesen.


Det blir lagt opp til anleggsstart i løpet av 2017, med opning for trafikk våren 2020. Finansieringa er basert på statlege midlar og bompengar.

2 Dagens situasjon og omtale av utbygginga

Strekninga E6 Vindåsliene – Korporalsbrua er smal og svingete og har låg standard. Vegbreidda varierer frå i underkant av 7 meter til rundt 9 meter i dei krappaste kurvene. Fartsgrensa varierer frå 50 til 80 km/t. Vegstandarden er hemmande for næringslivet i Trøndelag og for transporten elles mellom Nord- og Sør-Norge.

Tunge køyretøy utgjør ein stor del av trafikken. Trafikkteljengar i 2016 viste at talet på køyretøy over 5,6 meter utgjorde 24 prosent av alle køyretøy som passerte eit teljepunkt på strekninga. Dette, saman med den gjennomgåande dårlege vegstandarden, gjer at tungtransport på strekninga er ei stor belastning for både yrkessjåførar og annan trafikk.

I perioden 2007–2016 blei det registrert 13 ulykker med 19 personskadar på denne strek-



Figur 2.1 E6 Vindåsliene – Korporalsbrua – kartskisse

ninga av E6. Av dei skadde var ein person hardt skadd og 12 personar lettare skadde.

E6 går i dag langs elva Sokna og gjennom tettstaden Soknedal. Både bratt sideterreng og elva er avgrensande for val av veglinje. Dette gir ein krapp kurvatur som ikkje er i tråd med dagens krav til riksvegstandard. Hovsbrua nord for sentrum er dessutan i dårleg forfatning og har behov for opprusting. Gjennom tettstaden Soknedal går dagens veg i ein krapp sving, og gjennom sentrumsområdet er fartsgrensa 50 km/t.

Prosjektet omfattar bygging av 6,4 km to-/trefelts veg med midtrekkverk og fartsgrense 90 km/t i ny trasé på vestsida av Sokna. Vegen blir lagt utanom Soknedal sentrum med tilkopling til tettstaden gjennom eit planskilt kryss sør for sentrum. Nord for sentrum vil E6 gå på ny bru over Sokna før vegen går inn i ein om lag 3,6 km lang tunnel med eit løp. Tunnelen vil komme ut i dagen 500–600 meter sør for Korporalsbrua. Bygging av samanhengande gang- og sykkelveg inngår i prosjektet. Dagens E6 i sentrum av Soknedal og nordover til Korporalsbrua vil bli lokalveg når ny veg er ferdigstilt.

Prosjektet vil føre til at reisetida på strekninga Vindåsliene – Korporalsbrua blir redusert frå 9 til 6,5 minuttar, noko som vil redusere avstandskostnadene for godstrafikken. Det er rekna med ei halvering av både ulykkesfrekvens og ulykkeskostnader etter at prosjektet er ferdigbygd. I Soknedal sentrum vil trafikktryggleiken og miljøtilhøva bli vesentleg betra.

Reguleringsplanen for delstrekninga Vindåsliene – Soknedal sentrum blei endeleg vedteke av Midtre-Gauldal kommune i juni 2015. Reguleringsplanen for delstrekninga Soknedal sentrum – Korporalsbrua blei vedteke i januar 2016.

Det er gjennomført ekstern kvalitetssikring (KS2) av E6 Vindåsliene – Korporalsbrua. Kvalitetssikringa har omfatta prosjektstyringsunderlag, kostnadsoverslag og trafikkgrunnlag. Prosjektet blir vurdert som godt beskrive og planlagt, og ekstern kvalitetssikrar påpeiker at prosjektet er godt tilpassa trafikkgrunnlag og planlagt vegstandard i tilgrensande parsellar. Vidare finn dei at prosjektet vil oppfylle effektmåla med god margin, og finansieringsplanen er vurdert å vere rimeleg robust også ved ei negativ utvikling i trafikk og kostnader.

Statens vegvesen har foreslått ei styringsramme på 1 610 mill. 2015-kr og ei kostnadsramme på 1 750 mill. 2015 kr. Rekna om til 2017-prisnivå utgjer dette ei styringsramme på 1 680 mill. kr og ei kostnadsramme på 1 830 mill. kr.

Den eksterne kvalitetssikraren har tilrådd ei styringsramme som ligg om lag 10 mill. kr lågare enn det Statens vegvesen har foreslått. Skilnaden mellom dei to kostnadsoverslaga er så liten at det i realiteten ikkje er nokon skilnad. Basert på erfaringar med tilsvarende prosjekt held Statens vegvesen fast ved sitt opphavelige forslag til styrings- og kostnadsramme. Samferdselsdepartementet sluttar seg til Statens vegvesen si tilråding.

Prosjektet sin samfunnsøkonomiske netto nytte er rekna til om lag -540 mill. kr. Netto nytte pr. budsjettkrone er rekna til -0,6. Netto nytte over totale kostnader er rekna til -0,2.

3 Lokalpolitisk handsaming

Forslag til opplegg for utbygging og finansiering av prosjektet E6 Vindåsliene – Korporalsbrua blei handsama av aktuelle kommunar og Sør-Trøndelag fylkeskommune i juni 2016.

Midtre Gauldal, Melhus, Oppdal og Rennebu kommunar handsama saka i møte i kommunestyra 20.–23. juni 2016. Kommunane fatta følgjande like lydande vedtak:

1. *[Midtre Gauldal/Melhus/Oppdal/Rennebu] kommune gir sin tilslutning til at prosjektet E6 Vindåsliene–Korporalsbrua blir delfinansiert med bompenger.*
2. *Det legges foreløpig til grunn en investeringskostnad for prosjektet på 1650 mill. kr (Alle beløp i 2016-kroner). Endelige rammer (styrings- og kostnadsrammer) vil bli fastsatt etter ekstern kvalitetssikring (KS2). Det er forutsatt at 890 mill. kr av investeringskostnaden finansieres med statlige midler. Bompengedraget er foreløpig beregnet til 760 mill. kr.*
3. *Innkrevningen skjer i begge retninger i en automatisk bomstasjon som plasseres på Fossum.*
4. *Bompengeperioden er avgrenset til 15 år.*
5. *[Midtre Gauldal/Melhus/Oppdal/Rennebu] kommune aksepterer gjennomsnittlige bompengetakster på 37–41 (2016) kr i bomstasjonen på Fossum. Med gjeldende forutsetninger tilsvarer dette 38–43 (2016) kr per passering for kjøretøy i takstgruppe 1 og 76–86 (2016) kr for kjøretøy i takst-gruppe 2.*
6. *I tråd med nye takstretningslinjer legges det til grunn at trafikanter i takstgruppe 1 som betaler med elektronisk brikke oppnår 20 prosent rabatt. Det gis ingen rabatt for kjøretøy i takstgruppe 2. Det er forutsatt at bompengetakstene blir justert i samsvar med prisutviklingen.*

7. *Kostnadsøkningen utover prisstigningen opp til kostnadsrammen for prosjektet skal dekkes med statlige midler og bompenger etter samme prosentvise fordeling som innenfor styringsrammen. Eventuelle overskridelser ut over kostnadsrammen er statens ansvar og dekkes med statlige midler.*
8. *Dersom inntektene blir høyere og/eller finansieringskostnadene lavere enn forutsatt, skal bompengerperioden reduseres eller bompengerperioden kortes ned. Endelig takst- og rabattsystem skal legges frem for lokalpolitisk behandling i god tid før innkrevningen tar til.*
9. *Dersom det etter at innkrevningen er igangsatt viser seg at bompengeselskapets økonomiske situasjon gjør det nødvendig, kan bompengeselskapet, etter avtale med Vegdirektoratet, øke takstene med inntil 20 pst. ut over prisstigningen og/eller forlenge innkrevingsperioden med inntil 5 år.*
10. *[Midtre Gauldal/Melhus/Oppdal/Rennebu] kommune godkjenner at det blir satt opp bomstasjon på lokalt vegnett dersom det oppstår uønsket trafikklekkasje fra ny E6 inn på lokalt vegnett.*
11. *[Midtre Gauldal/Melhus/Oppdal/Rennebu] kommune ber om at Sør-Trøndelag fylkeskommune garanterer for nødvendige bompengelån for utbygging av E6 Vindåsliene–Korporalsbrua.*

Kommunestyret i Midtre Gauldal fatta i tillegg følgende vedtak:

12. *Midtre Gauldal kommunestyre ber rådmannen utrede egen sak til kommunestyret i tråd med vedtak i K 3/13 av 280113 pkt. 3 med avbøtende tiltak for oppsittere mellom bomstasjonen v/Fossum og Garli i god tid før innkreving starter.*

Fylkesutvalet i Sør-Trøndelag handsama saka i møte 24. juni 2016 og gjorde følgende vedtak:

1. *Fylkesutvalget vedtar at Sør-Trøndelag fylkeskommune gir sin tilslutning til at prosjektet E6 Vindåsliene – Korporalsbrua blir delfinansiert med bompenger, under forutsetning av at de berørte kommunene fatter vedtak i henhold til forslaget som er oversendt fra Statens vegvesen.*
2. *Det legges foreløpig til grunn en investeringskostnad for prosjektet på 1650 mill. kr (alle beløp i 2016-kroner). Endelige rammer (styrings- og kostnadsrammer) vil bli fastsatt*

etter ekstern kvalitetssikring (KS2). Det er forutsatt at 890 mill. kr av investeringskostnaden finansieres med statlige midler. Bompengerbidraget er foreløpig beregnet til 760 mill. kr.

3. *Innkrevningen skjer i begge retninger i en automatisk bomstasjon som plasseres på Fossum.*
4. *Bompengerperioden er avgrenset til 15 år.*
5. *Sør-Trøndelag fylkeskommune aksepterer gjennomsnittlige bompengerperioder på 37–41 (2016) kr i bomstasjonen på Fossum. Med gjeldende forutsetninger tilsvarer dette 38–43 (2016) kr per passering for kjøretøy i takstgruppe 1 og 76–86 (2016) kr for kjøretøy i takstgruppe 2.*
6. *I tråd med nye takstretningslinjer legges det til grunn at trafikanter i takstgruppe 1 som betaler med elektronisk brikke oppnår 20 prosent rabatt. Det gis ingen rabatt for kjøretøy i takstgruppe 2. Det er forutsatt at bompengerperiodene blir justert i samsvar med prisutviklingen.*
7. *Kostnadsøkningen utover prisstigningen opp til kostnadsrammen for prosjektet skal dekkes med statlige midler og bompenger etter samme prosentvise fordeling som innenfor styringsrammen. Eventuelle overskridelser ut over kostnadsrammen er statens ansvar og dekkes med statlige midler.*
8. *Dersom inntektene blir høyere og/eller finansieringskostnadene lavere enn forutsatt, skal bompengerperioden reduseres eller bompengerperioden kortes ned. Endelig takst- og rabattsystem skal legges frem for lokalpolitisk behandling i god tid før innkrevningen tar til.*
9. *Dersom det etter at innkrevningen er igangsatt viser seg at bompengeselskapets økonomiske situasjon gjør det nødvendig, kan bompengeselskapet, etter avtale med Vegdirektoratet, øke takstene med inntil 20 pst. ut over prisstigningen og/eller forlenge innkrevingsperioden med inntil 5 år.*
10. *Fylkeskommunen godkjenner at det blir satt opp bomstasjon på lokalt vegnett dersom det oppstår uønsket trafikklekkasje fra ny E6 inn på lokalt vegnett.*
11. *Sør-Trøndelag fylkeskommune garanterer med selvskyldnerkausjon for nødvendige bompengelån for utbygging av E6 Vindåsliene–Korporalsbrua under forutsetninger og betingelser nevnt i saken.*
12. *Fylkestinget delegerer til Fylkesutvalget fullmakt til å godkjenne en økning i garantien på inntil 10 prosent.*

4 Trafikkgrunnlag

Statens vegvesen har gjennomført ein transportanalyse for heile strekninga E6 Ulsberg – Melhus. Regional transportmodell for Region midt (RTM) er nytta, i kombinasjon med manuelle vurderingar for å få betre tilpassing til eksisterande trafikk.

Det er utarbeidd trafikkprognosar både utan og med bompengar for åra 2013 og 2018. Med utgangspunkt i planlagde bompengetakstar har transportmodellen rekna ut forventa trafikkreduksjon. Trafikktala er deretter kalibrerte mot trafikkregistreringar og erfarte avvisingsprosentar i andre bompengeprojekt.

I bomstasjonen er det lagt til grunn ein årsdøgntrafikk utan bompengeneinnkrevjing på 5 700 køyretøy i 2018. Med bompengeneinnkrevjing er årsdøgntrafikken venta redusert med om lag 700 køyretøy, dvs. ein nedgang på om lag 12 pst.

Det er rekna med ein gjennomsnittleg årleg trafikkvekst på 1,5 pst. fram til 2018, 1,3 pst. i perioden 2018–2029 og 1,0 pst. frå 2030. Dette i tråd med prognosane for Sør-Trøndelag i inneverande planperiode.

Alternative vegruter ved bomstasjonane er vurderte, og det er konkludert med at desse er lite attraktive. Skulle det likevel vise seg å bli stor trafikklekkasje frå ny E6, opnar dei lokalpolitiske vedtaka for å setje opp bomstasjon på lokalt vegnett, jf. kapittel 3.

5 Utbyggings- og finansieringsopplegg

Utbygginga av E6 Vindåsliene – Korporalsbrua er føresett finansiert med statlege midlar og bompengar. Den statlege delen utgjer 54,2 pst. Forslag til finansieringsplan er vist i tabell 5.1.

Statlege midlar

I Meld. St. 26 (2012–2013) *Nasjonal transportplan 2014–2023* er det lagt til grunn 620 mill. kr til prosjektet, rekna om til 2017-prisnivå. Kostnadsover-

slaget har auka med om lag 810 mill. kr etter framlegging av Meld. St. 26 (2012–2013). Samferdselsdepartementet går derfor inn for å auke den statlege ramma til prosjektet. I tråd med Meld. St. 33 (2016–2017) *Nasjonal transportplan 2018–2029* er det lagt til grunn 910 mill. 2017-kr i statlege midlar.

I perioden 2014–2017 er det løyvd til saman 155 mill. 2017-kr til prosjektet. Av desse er om lag 70 mill. kr brukt til planlegging og forarbeid.

Bompengar og bompengeprogner

Finansieringa av prosjektet E6 Vindåsliene – Korporalsbrua er basert på delvis bompengeneinnkrevjing i ein bomstasjon ved Fossum bru i Midtre Gauldal kommune. Det er lagt opp til etterskotsinnkrevjing med innkrevjing i begge køyretningar.

Gjennom Stortinget si handsaming av Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016) blei det gitt nye retningslinjer for inndeling i takstgrupper og bruk av rabattordningar. Vidare er det i Prop. 1 S (2016–2017) lagt opp til nye rutinar for fastsetjing av takstar. Takst- og rabattopplegget for dette prosjektet er i tråd med dei nye retningslinjene.

For at prosjektet skal vere nedbetalt i løpet av 15 år etter trafikkopning, er det rekna ut at gjennomsnittleg inntekt pr. passering må vere på om lag 38 kr med dei føresetnadene som elles er lagt til grunn for dette framlegget. Basert på dette er det førebels lagt til grunn følgjande grunntakstar for etterskotsinnkrevjinga i 2017-prisnivå:

- Takstgruppe 1 (lette køyretøy med tillatt totalvekt til og med 3 500 kg og køyretøy i køyretøygruppe M1): 40 kr
- Takstgruppe 2 (tunge køyretøy ekskl. køyretøy i køyretøygruppe M1): 80 kr

I tråd med Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016) er det lagt opp til 20 pst. rabatt ved bruk av gyldig brikke og brikkeavtale for køyretøy i takstgruppe 1. Køyretøy i takstgruppe 2 får ikkje rabatt.

Det er føresett at takstane blir justerte i samsvar med prisutviklinga. I tråd med føresetnadene i Prop. 1 S (2016–2017) vil rekna gjennomsnitts-

Tabell 5.1 Finansieringsplan for E6 Vindåsliene – Korporalsbrua

	Mill. 2017-kr		
	2014–2017	2018–2020	Sum
Statlege midlar	155	755	910
Bompengar		770	770
Sum	155	1 525	1 680

takst bli nytta som grunnlag for justering av takstane. Før start på innkrevjinga vil gjennomsnittstaksten bli vurdert ut frå kjende faktorar som låneopptak, lånerente og utbyggingskostnad. Forslag til justeringar av takstane føreset tilslutning frå fylkeskommunen.

Elles gjeld dei til ei kvar tid gjeldande takstretningslinjer for bompengeprojekt.

Andre føresetnader for finansieringsplanen

Eventuell kostnadsauke ut over prisstiging skal dekkjast i samsvar med gjeldande retningslinjer for bompengeprojekt. Dette inneber at kostnadsauke opp til kostnadsramma skal dekkjast med statlege midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma. Eventuelle overskridingar ut over kostnadsramma er staten sitt ansvar og blir dekte med statlege midlar.

Eventuelle kostnadsreduksjonar på inntil 10 pst. blir fordelt mellom staten og bompengeselskapet i høve til partane sin del av finansieringa innanfor styringsramma. Eventuelle reduksjonar på meir enn 10 pst. tilkjem staten.

Dersom økonomien i prosjektet blir svakare enn venta, kan bompengeselskapet etter avtale med Vegdirektoratet auke gjennomsnittstaksten med inntil 20 pst. og forlengje innkrevjingsperioden med inntil 5 år.

Følgjande basisføresetnader er elles lagde til grunn for finansieringsplanen (2017-kr):

- Lånerente: 5,5 pst. dei første 10 åra, deretter 6,5 pst.
- Innskotsrente: 2,5 pst.
- Årleg prisvekst og takstauke: 2,5 pst.
- Årlege innkrevjings- og driftskostnader: 4 mill. kr.

Med desse føresetnadene er perioden med etter-skotsinnkrevjing rekna til om lag 15 år. Brutto bompengeinntekter er rekna til om lag 1 090 mill. kr. Av dette er om lag 770 mill. kr føresett nytta til å dekkje delar av investeringskostnadene, om lag 260 mill. kr til å dekkje finansieringskostnader og om lag 60 mill. kr til å dekkje innkrevjingskostnader og kostnader til drift av bompengeselskapet.

Det er rekna på eit optimistisk alternativ med følgjande føresetnader:

- Årsdøgntrafikken i opningsåret aukar med 5 pst.
- Lånerenta blir redusert frå 5,5 pst. til 4,5 pst.
- Elles er dei same føresetnadene som i basisalternativet lagde til grunn.

Med desse føresetnadene er perioden med etter-skotsinnkrevjing rekna til om lag 13 år, dvs. ein reduksjon på om lag to år. Alternativt kan gjennomsnittleg inntekt pr. passering reduserast frå om lag 38 kr til om lag 33 kr.

Det er også rekna på eit pessimistisk alternativ med følgjande føresetnader:

- Kostnadsauke opp til kostnadsramma.
- Årleg trafikkvekst blir redusert til 0 pst. etter innkrevjingsstart.
- ÅDT i opningsåret blir redusert med 5 pst.
- Lånerenta blir auka frå 5,5 pst. til 6,5 pst.
- Takstauke på 20 pst. ut over prisstiging etter to år.

Med desse føresetnadene er perioden med etter-skotsinnkrevjing rekna til om lag 17 1/2 år, dvs. ein auke på om lag to og eitt halvt år. Resultatet viser at finansieringsopplegget må vurderast som robust.

6 Fylkeskommunal garanti

Sør-Trøndelag fylkeskommune vedtok i fylkesutvalet 24. juni 2016 å stille garanti ved sjølvskuldarnarkausjon for låneopptaket til bompengeselskapet for finansiering av prosjektet, jf. kapittel 3. Ut frå planlagd framdrift for prosjektet er maksimal lånegjeld rekna til om lag 920 mill. kr. Den fylkeskommunale garantien må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet før anleggsstart.

Garantisten sitt utlegg kan dekkjast gjennom ein auke av realtakstane med inntil 20 pst. og ei forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år.

7 Samferdselsdepartementet si vurdering

E6 Oppland grense – Trondheim er ein viktig del av det nasjonale vegnettet og den viktigaste hovudvegen for Midt-Norge. Utbygging av E6 på strekninga Vindåsliene – Korporalsbrua vil fjerne ein flaskehals på E6. Ei ulykkes- og miljøbelasta strekning av E6 med stor gjennomgåande trafikk og mykje tungtransport vil bli utbetra, og trafikken vil bli ført utanom Soknedal sentrum. Utbygginga er viktig for næringsutvikling på aksene nord-sør i Norge, og for Trondheimsregionen.

Det er lokalpolitisk semje om delvis bompengefinansiert utbygging av prosjektet E6 Vindåsliene – Korporalsbrua, og Sør-Trøndelag fylkeskommune

har vedteke å stille garanti for føresett bompengelån.

Som omtalt i Prop. 1 S (2015–2016), legg regjeringa opp til ei ny organisering av bompengesektoren med fem regionale bompengeselskap. Samferdselsdepartementet føreset at E6 Vindåsliene – Korporalsbrua blir lagt inn i eit av dei nye regionale bompengeselskapa når dei er etablert.

8 Avtale

Etter at Stortinget har fatta vedtak om utbygging og finansiering av E6 Vindåsliene – Korporalsbrua

i Sør-Trøndelag, vil det bli inngått avtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med føresetnadene i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om utbygging og finansiering av prosjektet E6 Vindåsliene – Korporalsbrua i Sør-Trøndelag.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om utbygging og finansiering av prosjektet E6 Vindåsliene – Korporalsbrua i Sør-Trøndelag i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om utbygging og finansiering av prosjektet E6 Vindåsliene – Korporalsbrua i Sør-Trøndelag

1. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å gjennomføre prosjektet E6 Vindåsliene – Korporalsbrua innanfor ei kostnadsramme på 1 830 mill. 2017-kr.
2. Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av E6 Vindåsliene – Korporalsbrua i Sør-Trøndelag. Vilkåra går fram av denne proposisjonen.
3. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fastsetje nærare reglar for finansieringsordninga.
4. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å justere takstane slik at gjennomsnittstaksten blir som føresett i denne proposisjonen.
